

**Fråsegn frå Per-Kristian Foss, finansminister i Noreg, på vegner av dei nordiske og baltiske landa, dvs. Danmark, Estland, Finland, Island, Latvia, Litauen, Noreg, og Sverige, til møtet i IMFC i Washington D.C. 2. oktober 2004.**

## **Hovudbodskapar**

- Vilkåra for eit vedvarande globalt oppsving er oppfylte. Styrande organ må nytte det gode klimaet til å korrigere dei internasjonale ubalansane, finne fram til meir framtidsretta finanspolitiske posisjonar og drive gjennom strukturreformer som kan sikre vekst og sysselsetjing på eit stabilt høgre nivå. Vidare bør dei arbeide for ein kontrollert overgang til eit høgre rentenivå.
- Overvakinga i fondet kan gjerast meir effektiv ved å fokusere sterkare på potensielt utsette land, systemisk viktige land og på regionale og multilaterale spørsmål. I samrådingane med enkeltland er det grunn til å rette merksemda meir mot konkrete område der vedkommande land er utsett.
- Det trengst ein generell gjennomgang av kriseløysingsmekanismane og utlånsordningane i fondet.
- Det vil vere heilt avgjerande å halde seg til det eksisterande regelverket for utlån i ekstraordinære tilfelle for å sikre ei systematisk handtering av finanskriser, fremje marknadsdisiplin og tryggje ressursane i fondet. Handteringa av Argentina, med utlån på ekstraordinære vilkår og eit svakt program, har svekt omdømmet til fondet og undergrave målsetjinga om at institusjonen skal fungere som katalysator for privat finansiering.
- Fattigdomsreduksjon må framleis stå øvst på den internasjonale saklista. Det pågåande arbeidet med å effektivisere innsatsen som fondet gjer i låginntektsland, er viktig for å kunne nærme seg tusenårsmåla.

## **Utfordringar i verdsøkonomien framover**

Veksten på globalt plan er framleis sterk trass i auka råvareprisar, spesielt på olje, og geopolitisk uvisse. I USA, Japan og Kina har veksten vore meir moderat i det siste, noko som kan tyde på at veksten på verdsbasis vil bli noko svakare enn i første halvår 2004, men ein kraftig ekspansjon er venta også i 2005.

Dei viktigaste nedsiderisikoane når vi ser nokre år framover, heng saman med regionale problem i betalingsbalansen og lita evne til å tole auka rentenivå. Tiltak for å kjøle ned den kinesiske økonomien har skapt frykt for ei hard landing som vil kunne få ringverknader i heile Asia, spesielt i Japan, men ei nedbremsing til eit meir berekraftig veksttempo er det mest sannsynlege utfallet i år.

Det låge rentenivået i dag kan neppe vare ved når oppsvinget stabiliserer seg og blir jamnare fordelt. Å handtere overgangen til eit høgre rentenivå og samstundes syte for kontrollerte justeringar i finansmarknadene, vil vere ei viktig oppgåve for styrande organ i åra framover. Finanspolitikken er framleis ei sentral utfordring både i industriland og i framveksande marknader. Mens mange industriland står overfor krav om reformer i pensjonsordningar og helsevesen, er eksterne problem og uheldig gjeldsstruktur meir påtrengjande faremoment i dei framveksande marknadene. Dei styrande organa må til fulle nytte det noverande oppsvinget til å nærme seg ei løysing

på desse problema. Redusert energiintensitet og omlegging til fornybare ressursar ville gjere sitt til å løyse nokre av utfordringane i dei globale energimarknadene.

Vi ser positivt på at det nyleg er oppnådd semje om rammene for vidare forhandlingar i Doha-runda, og ber om at alle land må ta engasjert del i dei meir inngåande tingingane om handelsliberalisering framfor ministerkonferansen i desember 2005.

I **euro-området** er hovudoppgåva å skape auka tempo i strukturreformene og å få i stand finanspolitisk konsolidering utan at tendensen til auka innanlandsetterspørsel snur. Reformene bør ta sikte på meir velfungerande arbeids- og produktmarknader og langsiktig finanspolitisk berekraft. Ei fastare og meir konsekvent tilnærming ville bli sett på som eit ansvarleg tiltak for å lette framtidige velferdspolitiske utfordringar. Ein revidert Lisboa-strategi med skarpare fokus og større politisk og offentleg eigarskap ville vere eit viktig steg på vegen.

Vekstutsiktene i dei **nye EU-medlemslanda** er gode. Likevel står mange av desse landa framfor viktige uløyste oppgåver. Også med tanke på førebuingane til deltaking i EMU er det særleg viktig at desse landa nyttar dei fordelaktige økonomiske tilstandane til å oppnå større finanspolitisk konsolidering.

Oppsvinget i **USA** ser ut til å ha eit breitt fundament. Hovudutfordringa er framleis å reversere dei sterke finanspolitiske og monetære stimuleringstiltaka som har vore i bruk dei siste åra, utan at framdrifta i veksten går tapt. Sjølv om veksten kan komme til å bli sterkare moderert enn venta, ville ei utsetjing av den nødvendige finanspolitiske konsolideringa setje oppsvinget framover i fare. Det trengst meir ambisiøse og truverdige strategiske tiltak enn dei som per i dag er planlagde, ikkje minst for å få dei offentlege finansane inn i eit sunnare spor og korrigere det eksterne underskotet. Det er klart at dette også ville medverke til å redusere risikoen for ei brå og ukontrollert korrigerings i dollaren og ein skarp auke i rentenivået på lang sikt.

I **Japan** ser oppsvinget ut til å bli breiare og meir berekraftig, men er framleis for mykje avhengig av utanlandsk etterspørsel. Risikoen for deflasjon er enno ikkje eliminert. Den gunstigare økonomiske situasjonen i dag er eit godt høve til å intensivere og utvide strukturreformene i bank- og bedriftssektoren. Ein truverdig strategi for å konsolidere dei offentlege finansane på mellomlang sikt er nødvendig.

I **Kina** held den uvanleg sterke økonomiske ekspansjonen fram, sjølv om tiltak med sikte på å kjøle ned økonomien til eit meir forsvarleg nivå synest å ha hatt ein viss effekt. Ein samordna makroøkonomisk og strukturell politikk og ei omlegging til større valutakursfleksibilitet er nødvendig. I denne samanhengen vil finanspolitikken måtte spele ei viktig rolle, ikkje minst for å sikre ei mjuk landing.

Den kraftige økonomiske ekspansjonen i **andre asiatiske økonomiar** kan få ny næring ved å støtte opp under den innanlandske etterspørselen, sidan inflasjonsfaren ser ut til å vere under kontroll og eksterne problem ikkje ligg føre. Dei framveksande økonomiane i Asia vil, ved å tillate reelle valutakursar som betre speglar den økonomiske styrken i regionen, måtte ta på seg eit større ansvar for å rette opp ubalansen i den globale etterspørselen.

Oppsvinget i **Latin-Amerika** skaper gunstige vilkår for å ta fatt på den hardt tiltrengde konsolideringa av statsfinansane. Ein nøkkel til eit meir stabilt makroøkonomisk klima er vedvarande arbeid for å komme fram til ein meir forsvarleg gjeldssituasjon. For å sikre at dagens auka vekst held fram, må framgangen i strukturreformene haldast ved lag, særleg i finanssektoren og skattesystemet.

Utsiktene i mange **afrikanske** land er betre enn dei har vore på ei stund, men landa må sjølv gjere ein kraftinnsats for å hindre konflikhtar og betre styresettet om grunnlaget for vidare sterk vekst skal vere til stades. Verdssamfunnet har ei viktig rolle å spele i Afrika, særleg gjennom gjeldslette, auka bistand og lettare tilgang til handelsmarknadene.

## **Det internasjonale valutafondet og strategispørsmål**

Vi ser positivt på at det er teke initiativ til å diskutere den strategiske retninga til fondet på lengre sikt. Sekstiårsjubileet som nyleg vart markert, kan saman med utpeikinga av ny administrerande direktør vere eit passande høve til å tenkje grundigare over korleis sjølv tanken med fondet og rolla det ska spele vert påverka av utviklinga i internasjonal økonomi og finansverd. Vi imøteser vidare diskusjonar før og under neste møte i IMFC.

### **Overvaking og kriseførebygging**

Overvaking og kriseførebygging står sentralt i den verksemda fondet driv. Den nordisk-baltiske valkrinsen ser positivt på den gode framgangen dei siste åra i arbeidet med å effektivisere overvakinga og forbetre kriseførebyggingssystemet. Likevel meiner vi at det er rom for fleire forbetringar.

Særleg bør overvåkingsarbeidet i fondet konsentrerast meir om potensielt sårbare land og systemisk viktige land. Regionale og globale ringverknader bør òg følgjast betre opp. I individuelle konsultasjonar etter artikkel IV bør ein vere meir selektiv med emna som blir tekne opp og konsentrere seg meir om sårbare område i kvart land. Det bør leggjast særleg vekt på opne diskusjonar om valutakursspørsmål og vurdering av kva som er forsvarleg gjeld. Overvåkingsarbeidet i fondet må fokusere på om eit land sin samla økonomiske politikk er i tråd med føresetnadene og er eigna til å fremje berekraft på mellomlang sikt.

Den nordisk-baltiske valkrinsen ser gjerne at det også heretter vert fokusert på spørsmål om offentleg innsyn, mellom anna på den reviderte offentleggjeringspolitikken. Ut frå dei positive røynslene dei siste åra meiner vi at fondet bør gå vidare i retning av obligatorisk offentleggjering av alle overvåkings- og programrapportar.

Med auka innsyn og større fleksibilitet i overvåkingsprosedyrane kan ein meir effektivt måle styrken i dei strategiane eit medlemsland følgjer. Vi er likevel ikkje overtydde om at den nye ordninga for politikoppfølging (Policy Monitoring Arrangement), er eigna til å utfylle dei eksisterande overvåkingsmetodane og låneordningane når det gjeld å styrkje signaliseringssystemet. I staden bør fondet søkje ein meir effektiv bruk av det unytta potensialet som ligg i dei eksisterande verkemidla. Vi trur at førebyggjande ordningar med låg lånetilsegn har ei verdifull rolle å spele i så måte. Røynslene med

slike ordningar har vore gode, og dei bør få større plass blant dei kriseførebyggjande verkøya fondet rår over.

Vi ser positivt på det auka fokuset på spørsmål om styresett i IMF. Sterke institusjonar er svært viktige for å støtte opp under sunne strategiar og skape større programeigarsskap. Vi vil gjerne oppmode om ein meir systematisk analyse av desse spørsmåla.

### **Kriseløysing og innsats frå privat sektor**

Det er viktig å avklare kva roller offentleg og privat sektor skal spele i dagens internasjonale finansarkitektur. Difor bør fondet trappe opp arbeidet med eit effektivt system som kan takle finanskriser på ein meir føreseieleg måte. Vi er skuffa over at arbeidet med å forbetre kriseløysingsverktøya og sikre deltaking frå privat sektor er så lågt prioritert. Den nordisk-baltiske valkrinsen meiner at ein generell gjennomgang av kriseløysingssystemet er heilt nødvendig, ikkje minst etter landtilfelle i seinare tid der eksepsjonelt store og langvarige utlån frå fondet har sett spørsmålsteikn ved kor effektive IMF-programma er som katalysator for privat kapitaltilførsel. Sjølv om vi ser positivt på den auka bruken av klausular om kollektiv handling (CAC), meiner vi at det trengst ekstratiltak for å sikre kontrollerte prosessar for restrukturering av statsgjeld og gjere privat sektor meir delaktig.

Det vil vere avgjerande å halde seg innanfor dei eksisterande rammene for utlån i ekstraordinære tilfelle, både for å sikre påliteleg krisehandtering, fremje tilstrekkeleg marknadsdisiplin og tryggje ressursane i fondet. Handteringa av Argentina, med lånetilgang på ekstraordinære vilkår og eit svakt program, er difor noko fondet må ta lærdom av. Saka har etter vår meining svekt omdømmet til fondet og dermed undergrave målsetjinga om at fondet skal verke som katalysator for privat finansiering. Det bør gjerast meir for å rette på dette. I framtida må fondet vere budd på å seie nei når eit land manglar ein konsekvent strategi og slik set seg sjølv i ei stadig meir utsett stilling.

### **Utlånsordningar**

Sjølv om fondet ei tid har hatt som mål å rasjonalisere strukturen i utlånsordningane, ser det ut til at endringane dei siste åra har skapt nye komplikasjonar. Den vedvarande inkonsekvensen i bruken av utlån frå ekstrareservane er eitt eksempel. Vi meiner at fondet bør ta sikte på eit mykje enklare utlånssystem, ikkje minst med tanke på innsyn og ansvarleggjering. Målet bør vere eit system med nok fleksibilitet til å tilpasse løysingane etter varierende problem i betalingsbalansen. Vi ser ikkje noko behov for endringar i dei noverande utlåns grensene, men meiner at insitamentordningane bør styrkjast for å sikre at medlemslandas bruk av midlar frå fondet er av forbigåande art. Meir konkret meiner vi at rentesatsane bør graderast etter løpetida på uteståande lån. I denne samanhengen kunne det òg vere nyttig å vurdere om innføringa av ordninga med forventa tilbakebetaling har fungert slik tanken var.

### **Styring av fondet**

Rapporten frå fondet om erfaringane etter krise i Argentina, og IEO1-rapporten om fondet si rolle i Argentina, inneheld nyttig lærdom og viktige tilrådingar om korleis fondet bør opptre. Den nordisk-baltiske valkrinsen støttar sterkt opp om hovudbodskapen, som er at den interne styringa av fondet må styrkjast. Særleg ser vi det som nødvendig at eksekutivstyret fullt ut vert respektert som øvste vedtakande organ i institusjonen.

### **Kvotar, stemme og representasjon**

Den nordisk-baltiske valkrinsen uttrykkjer sterk støtte til arbeidet med å la utviklingslanda komme sterkare til orde og bli meir delaktige i avgjerdsprosessane i Bretton Woods-institusjonane. Viktige framsteg er gjorde på somme område, mellom anna når det gjeld å styrkje kapasiteten til kontora som representerer valkrinsar av utviklingsland hos fondet og banken og kapasitetsbyggjande tiltak i utviklingsland, men dette er ikkje nok. Som eit ytterlegare tiltak går vi inn for å auke stemmetyngda til utviklingslanda ved å auke basisstemmene.

### **Fondet si rolle i låginntektsland**

Sluttdokumentet frå Monterrey (the Monterrey Consensus) etablerer ein partnerskap mellom utvikla og mindre utvikla land og definerer eit sett av mål og oppgåver for medlemslanda. Dei mellomlangsigte måla for utviklingshjelp er langt frå nådde, og dei nordisk-baltiske landa oppmodar på ny om at dei utvikla landa må trappe opp innsatsen for å innfri dei avtala måla. Vi vonar at det pågåande arbeidet om korleis ein betre kan mobilisere bistandsmidlar, vil skape fortgang i denne saka.

Den økonomiske veksten i utviklingslanda er på langt nær stor nok til at tusenårsmåla kan bli nådde. Vi vonar at den nye framdrifta i Doha-runda vil bli utnytta til å fremje handelsliberalisering som skaper større økonomisk vekst. Vekststimulerande innsats kombinert med auka makroøkonomisk stabilisering vil samstundes vere presserande. Låginntektslanda sjølve bør fokusere på institusjonelle reformer, styresett og infrastruktur. Vidare ville ein stabilt høgare vekst vere tent med betre og lik tilgang til basisgode som skulegang og helsestell. Vi oppmuntrar difor til vidare analyse av desse spørsmåla. Fondet har ei viktig oppgåve i å gje råd innanfor sitt fagfelt. Nært samarbeid mellom fondet og Verdsbanken vil vere viktig for å finne fram til betre måtar å stimulere veksten på. Tilsvarande vil det vere behov for tettare samarbeid med gjevargruppene og med dei multilaterale utviklingsbankane.

Sterk overvaking, teknisk bistand og effektiv finansiell støtte frå fondet gjennom program vil vere sentrale element i ein forsterka strategi. Vi støttar det pågåande arbeidet med å få betre klarlagt kva som skal vere IMF si rolle på desse områda. Vi ønskjer forslaget til grunnlagsdokument og arbeidsprogram som fondet har lagt fram velkommen, og er i det store og heile samde i innhaldet. Fondet må spesielt fokusere på korleis eksogene sjokk skal handterast, med ein fornuftig kombinasjon av utlån på vanlege vilkår og på særvilkår.

Styrking av strategien for fattigdomsreduksjon (PRS) og rammene for utlånsordninga

---

<sup>1</sup> Det uavhengige evalueringskontoret ved IMF

for fattigdomsreduksjon og vekst (PRGF), i hovudsak i tråd med tilrådingane frå IEO, vil vere nødvendig for at fondet skal kunne engasjere seg meir effektivt i låginntektsland. Det bør leggjast meir vekt på å styrkje landa si evne til å utvikle og gjennomføre strategiar til støtte for vekst og fattigdomsreduksjon, særleg gjennom ei betre samordning mellom prosedyrar og innhald i PRGF og nasjonale strategiske prioriteringar. Vi meiner at PRGF-programma ville bli meir effektive om det vart etablert ei betre forståing av kva som er dei viktigaste drivkreftene for vekst og fattigdomsreduksjon.

Det er avgjerande at signaliseringssystemet i fondet blir vidareutvikla med sikte på å gje klare og kalibrerte signal om strategisk måloppnåing til gjevarar og publikum. Verkemidla må veljast og utformast frå sak til sak, alt etter kva det konkret er behov for.

Når det gjeld finansieringa av fondsaktivitetane i låginntektsland, går den nordisk-baltiske valkrinsen framleis inn for ei sjølvfinansierande utlånsordning for fattigdomsreduksjon og vekst kombinert med bilaterale tilleggslån. Separat finansiering er avgjerande for at dei kvotebaserte ressursane i fondet framleis skal vere av monetær karakter. Det er viktig at ein snart kjem til semje om ei rimeleg byrdefordeling mellom gjevarane.

Det er gjort vesentlege framsteg i samband med HIPC-initiativet, men ikkje alle aktuelle land har kvalifisert seg for initiativet innan den fastsette tidsfristen. Dei fleste av dei er konfliktråka land med spesielle problem. Vi ønskjer styret sitt vedtak nylege om å forlengje initiativet med to år velkommen. For å unngå åtferdsproblem er restrukturering og ettergjeving av gjeld verkemiddel som ikkje kan og ikkje bør bli permanente som bistand til utviklingsland. Det er difor viktig å vurdere nye metodar for å få i stand vekst og forsvarlege gjeldstilhøve både i fattige og forgjelda land og i andre låginntektsland. Dei føreslegne kriteria for forsvarleg gjeld er eit nyttig utgangspunkt for vidare drøftingar. Vi strekar under behovet for at fondet og banken i fellesskap analyserer gjeldstilhøva for å kunne yte samordna analyse og rettleiing til land og utviklingspartnarar.